

Kvalitetsmelding for grunnskulen 2022



Osterøy kommune

Den årlege tilstandsrapporten inngår som ein del av det ordinære plan-, budsjett- og rapporteringsarbeidet hjå skuleeigaren og har kvalitetsutvikling som siktemål.

Desse har ansvar for å utarbeide den årlege tilstandsrapporten:

- Kommunar
- Fylkeskommunar
- Private grunnskolar som er godkjende etter opplæringslova § 2-12
- Private skolar med rett til statstilskott

Les om lovkravet: [§ 13-3e. Plikt for kommunen og fylkeskommunen til å arbeide med kvalitetsutvikling \(https://lovdata.no/lov/1998-07-17-61/§13-3e\)](https://lovdata.no/lov/1998-07-17-61/§13-3e)

1. Elevar og lærarar

1.1. Tal Elevar

[Les meir om statistikken på udir.no \(lenke\)](#)

Lokale mål

Alle elevar i skulane i Osterøy skal ha likeverdige undervisning med høg kvalitet av kompetente lærarar.

Osterøy kommune (EIGAR) | Tal Elevar | Eigne tal

Skoleår	Tal Elevar
2022-23	839
2021-22	833
2020-21	827

Osterøy kommune (EIGAR), Grunnskole, Tal Elevar, Kommunal, Begge kjønn, Alle trinn

Skuleeigars eigenvurdering

Det er eit mål for Osterøy å ha ein tilfredsstillande lærartettleik, dvs. at det ikkje vert for mange elevar pr lærar. Med gjennomgåande små skular vil dette vera ein naturleg konsekvens.



Elev frå Fotlandsvåg skule i

aktivitet. Foto Kjell Haugland

1.2. Lærartettleik

[Les meir om statistikken på udir.no \(lenke\)](#)

Lokale mål

Osterøy kommune har lærartettleik som stettar kravet til lærarnorm.

Osterøy kommune (EIGAR) | Lærartettleik i ordinær undervisning 1.-4. trinn | Eigne



tal Osterøy kommune (EIER), Grunnskole, Lærertetthet, Kommunal, Begge kjønn, 1.-4. trinn

Osterøy kommune (EIGAR) | Lærartettleik i ordinær undervisning 5.-7. trinn | Eignetal



Osterøy kommune (EIER), Grunnskole, Lærertetthet, Kommunal, Begge kjønn, 5.-7.trinn

Osterøy kommune (EIGAR) | Lærartettleik i ordinær undervisning 8.-10. trinn | Eignetal



Osterøy kommune (EIER), Grunnskole, Lærertetthet, Kommunal, Begge kjønn, 8.-10. trinn

Skuleeigars eigenvurdering

Skuleeigar si eigenvurdering

Det er færre elevar for kvar lærar enn snittet både for fylket og nasjonen på barnetrinnet, noko som er naturleg ut frå strukturen som skulane i Osterøy har. Vi ser at kapasiteten på Osterøy ungdomsskule er særst godt nytta ut mot lærarnorm siste år. Skulane i Osterøy har ein lærartettleik som stettar kravet til lærarnorm. Lærarnorm for barnetrinn er 15 elevar i snitt i gruppene 1.-4 trinn medan 5.-7 trinn og 8.-10 trinn kan ha snitt opp mot 20 elevar pr gruppe. Det er variasjon i gruppene på skulane i Osterøy. Ungdomstrinnet har lågast lærartettleik.

Osterøy kommune brukar lite midlar til spesialundervisning. Vi ser her ein svakt aukande trend, sjølv om vi ligg bak landssnittet. Det er viktig at elevar som treng det, får hjelp tidleg samtidig som ein på skulenivå ser etter inkluderande måtar å undervise elevane på. Det er eit mål at eleven får best mogeleg progresjon i læringsarbeidet og er inkludert i fellesskapet med god tilpassa undervisning.


1.3. Undervisningspersonale

[Les meir om statistikken på udir.no \(lenke\)](#)

Lokale mål


Undervisninga skal gjennomførast av lærarar som har godkjend utdanning og er kvalifisert for å undervise i faget.

Osterøy kommune (EIGAR) | Årsverk for undervisningspersonale som går til undervisning | Eigne tal



Osterøy kommune (EIER), Grunnskole, Årsverk for undervisningspersonale, Kommunal, Begge kjønn, Alle trinn

Osterøy kommune (EIGAR) | Del årstimeir gitt av personale med godkjent utdanning | Eigne tal



Osterøy kommune (EIER), Grunnskole, Andel årstimer gitt av personale med godkjent utdanning, Kommunal, Begge kjønn, Alle trinn

Skuleeigars eigenvurdering

Lærarne i Osterøy kommune har godkjendt utdanning i stor grad. Vi ser at det er variasjon dei siste åra på kor stor del av årsverket som går til undervisning. Denne statistikken er ny i rapporten og det er interessant for skuleeigar å finne ut kvifor det er variasjon på 5,7 %.

2. Læringsmiljø

Læringsmiljø er eit omgrep som omfattar dei faktorane som inngår i det miljøet elevane til kvar tid er ein del av i skulen og klassen dei går i. Dette miljøet er ikkje berre viktig i seg sjølv, det er også vesentleg for fagleg, sosial utvikling og for læring. Dei viktigaste faktorane i læringsmiljøet er:

- klasseleiing og leiing av undervisningsforløp
- relasjonar mellom elevar og lærar
- relasjonar og kultur for læring blant elevane
- samarbeid mellom heim og skule
- god leiing og positiv skulekultur

Alle disse faktorane grip inn i kvarandre og vil påverke kvarandre gjensidig og dermed også eleven si læring og utvikling innanfor faglege, sosiale og personlege forhold.



Elevar frå Fotlandsvåg skule på Hanstveitholmane. Foto: Kjell Haugland

2.1. Elevundersøkinga

[Les meir om statistikken på udir.no \(lenke\)](#)

Lokale mål

Alle elevar skal vere inkluderte i eit trygt og godt læringsmiljø.


Elevundersøkinga 7. trinn

7. trinn	Osterøy (Haust 2019)	Osterøy (Haust 2020)	Osterøy (Haust 2021)	Osterøy (haust 2022)	Nasjonalt - 7. trinn (Haust 2022)
Læringskultur	3,9	4,0	3,9	3,8	3,8 (3,9)
Elevdemokrati og medverknad	3,6	3,6	3,8	3,6	3,6 (3,8)
Fagleg utfordring	3,9	3,9	3,9	3,7	3,9 (4,0)
Felles regler	4,3	4,2	4,4	4,1	4,2 (4,3)
Trivsel	4,1	4,1	4,2	4,0	4,1
Meistring	3,9	4,0	3,8	4,1	3,9 (4,0)
Støtte frå lærarane	4,3	4,3	4,5	4,3	4,3
Motivasjon	3,5	3,5	3,6	3,6	3,5 (3,6)
Vurdering for læring	3,7	3,7	3,8	3,8	3,7 (3,8)
Støtte heimanfrå	4,2	4,1	4,2	4,0	4,2
Mobbing i skulen %	10	7,6	6,4		7,9
Mobba av andre elevar	7,0	6,7	3,2		6,6
Mobba digitalt siste månader %	3,0	*	5,4		3,3
Mobba av vaksne på skulen %	0	*	*		1,1

Tal i parentes nasjonalt er resultat frå 2021.

Osterøy kommune (EIGAR) | Elevundersøkelsen 7. trinn | Eigne tal

■ 2022-23
 ■ 2021-22
 ■ 2020-21
 ■ 2019-20
 ■ 2018-19
 ■ 2017-18
■ 2016-17



Osterøy kommune (EIER), Grunnskole, Elevundersøkelsen, Offentlig skole, Begge kjønn, 7. trinn

Osterøy kommune (EIGAR) | Elevundersøkelsen 10. trinn | Eigne tal

10. trinn	OUS (Haust 2019)	OUS (Haust 2020)	OUS (Haust 2021)	OUS (Haust 2022)	Nasjonalt - 10. trinn (Haust 2022)
Læringskultur	4,0	3,7	3,7	4,0	3,7 (3,8)
Elevdemokrati og medverknad	3,5	3,5	3,4	3,5	3,3 (3,4)
Fagleg utfordring	4,3	4,3	4,2	4,3	4,2 (4,3)
Felles regler	4,1	4,0	4,0	4,2	4,0
Trivsel	4,1	4,1	4,0	4,3	4,1
Meistring	4,0	3,8	3,8		3,9
Utdanning og yrkesveiledning	4,0	3,6	3,5	3,9	3,8
Støtte frå lærarane	4,4	4,0	3,9	4,3	4,0
Motivasjon	3,7	3,5	3,3	3,6	3,3 (3,4)
Vurdering for læring	3,7	3,6	3,4	3,6	3,3


Støtte heimanfrå	4,2	3,9	3,9	4,1	4,0
Mobba på skulen %	5,2	5,1	8,8		7,4 (5,7)
Mobba av andre elevar %	4,3	2,0	7,1		5,5 (4,1)
Mobba digitalt %	*	*	3,1		3,0 (2,2)
Mobba av vaksne %	*	3,1	2,1		3,0 (2,2)

Tal i parentes nasjonalt er resultat frå 2021.



Foto:
Tobby Sander Tomassen

■ 2022-23
 ■ 2021-22
 ■ 2020-21
 ■ 2019-20
 ■ 2018-19
 ■ 2017-18
■ 2016-17



Osterøy kommune (EIER), Grunnskole, Elevundersøkelsen, Offentlig skole, Begge kjønn, 10. trinn

Skuleeigars eigenvurdering

Det er nokre tendensar som ein kan trekke fram. For 7. trinn rapporterer resultat tett opp mot landssnittet på dei fleste indikatorane. Vi ser variasjonar mellom skulane, noko som må arbeidast systematisk vidare med. For 10. trinn scorar elevane nesten gjennomgåande som landssnittet eller over. Det ser og ut som ein har luktast med å skape kultur og oppfølging som er viktig for at elevane skal oppleve skulekvardagen trygg og likeverdig.

Det er viktig at statestikkane ikkje syner alt. Skuleeigar er uroleg for at ein ser ein auke i skulemiljøsaker(jf. Opplæringslova §9A) hausten 2022. Dette kan ha mange årsaker, men ein kan vurdera det slik at noko har samanheng med etterverknader av Covid-19 pandemien.

Skulane arbeidar systematisk med skulemiljøet i samarbeid med elevar, føresette, tilsette i skule og oppvekstsektoren. Ein ser likevel at det kan koma auka behov for ressursar kring dette arbeidet framover.


2.2. Mobbing på skulen

[Les meir om statistikken på udir.no \(lenke\)](#)

Lokale mål


Ingen elevar skal oppleve mobbing over tid på skulane i Osterøy.

Osterøy kommune (EIGAR) | Mobbing på skulen 7. trinn | Eigne tal



Osterøy kommune (EIER), Grunnskole, Mobbing på skolen, Offentlig skole, Begge kjønn, 7. trinn

Osterøy kommune (EIGAR) | Mobbing på skulen 10. trinn | Eigne tal



Osterøy kommune (EIER), Grunnskole, Mobbing på skolen, Offentlig skole, Begge kjønn, 10. trinn

Skuleeigars eigenvurdering

For å sikre at skulane føl opp meldingar der elevar opplever at skulemiljøet ikkje er trygt og godt har kommunen tatt inn Olweusprogrammet. Dette gjer at skulen har gode undersøkingar og systematikk i kartlegging og oppfølging av elevar som kjenner seg krenka.

Etter omlegging av reglar for grense for publisering av data, har diverre personvernet vorte eit hinder for at skulane skal få data som dei kan arbeide med. Alle skulane på * -noko som betyr at det er mogeleg å identifisere elevar som har svart. Dette er til stor uro for skuleleiarane som no må finna andre kartleggingsmetodar for å arbeide med denne problematikken. Osterøy kommune har meldt inn til statsforvalteren at vi meiner den nye praksisen en problematisk.

Kvar elev som kjenner seg krenka, mobba og ekskludert frå fellesskapet er ein for mange. Skulane arbeider systematisk og godt med utfordringane det skaper for barn og unge å oppleve mobbing.



Illustrasjonsfoto

3. Nasjonale prøvar 5. trinn

⚡ Frå 2022 startar måling av utvikling over tid på nytt. Resultata fra 2022-23 kan derfor ikke direkte sammenlignes med tidligere år.

Osterøy kommune	2015-2016	2016-2017	2017-2018	2018-2019	2019-2020	2020-2021	2021-2022	2022 - 2023
Engelsk	47	49	47	47	47	46	48	47
Lesing	45	47	46	45	47	46	46	46
Rekning	49	49	47	47	47	49	45	46

3.1. Rekning

[Les meir om statistikken på udir.no \(lenke\)](#)

Lokale mål

Elevar i Osterøy skal ha eit samla resultat i rekning tett opp mot nasjonalt snitt. Det skal ikkje vere fleire enn 23 % av elevane på nivå 1.

Osterøy kommune (EIGAR) | Skalapoeng 5. trinn - Rekning | Eigne tal

Fra 2022 starter måling av utvikling over tid på nytt. Resultatene fra 2022-23 kan derfor ikke direkte sammenlignes med tidligere år.




Osterøy kommune (EIER), Grunnskole, Nasjonale prøver, skalapoeng, Begge kjønn, Offentlig skole, Regning, 5. trinn

Generelt om meistringsnivå

Nasjonalt er fordelinga ca. 23% av elevane på nivå 1, ca. 51% på nivå 2 og ca. 26% på nivå 3. Der er marginale ulikheiter mellom lesing, rekning og engelsk nasjonalt. Det er eit mål å redusere tal elevar på nivå 1, då desse er i risikograppa for å ikkje meistre vidaregåande opplæring.

Osterøy kommune (EIGAR) | Meistringsnivå 5. trinn - Rekning | Eigne tal

Fra 2022 starter måling av utvikling over tid på nytt. Resultatene fra 2022-23 kan derfor ikke direkte sammenlignes med tidligere år.



Osterøy kommune (EIER), Grunnskole, Nasjonale prøver, meistringsnivåer, Begge kjønn, Offentlig skole, Regning, 5. trinn

Skuleeigars eigenvurdering

Resultata dei siste åra er variable. Siste to år det for mange elevar på nivå 1. Når elevar scorar ned mot 35 poeng må det snarast setjast inn tiltak. Skulane har siste året fått ut rutinar for tidleg innsats. Resultat for nasjonale prøvar må evaluerast for å vurdere om skulen arbeider systematisk nok når elevar manglar meistring. Det er variasjon mellom skulane og variasjon frå år til år. Det vert arbeidd målretta med for å skape likeverdige tilbod til elevane.

3.2. Lesing


[Les meir om statistikken på udir.no \(lenke\)](#)

Lokale mål

Alle elevar skal ha eit snitt på 50 skalapoeng på nasjonale prøvar i lesing. Det skal ikkje vere fleire enn 23% av elevane på nivå 1.

Osterøy kommune (EIGAR) | Skalapoeng 5. trinn - lesing | Eigne tal


Fra 2022 starter måling av utvikling over tid på nytt. Resultatene fra 2022-23 kan derfor ikke direkte sammenlignes med tidligere år.



Osterøy kommune (EIER), Grunnskole, Nasjonale prøver, skalapoeng, Begge kjønn, Offentlig skole, Lesing, 5. trinn

Osterøy kommune (EIGAR) | Mestringsnivå 5. trinn - lesing | Eigne tal

Fra 2022 starter måling av utvikling over tid på nytt. Resultatene fra 2022-23 kan derfor ikke direkte sammenlignes med tidligere år.



Osterøy kommune (EIER), Grunnskole, Nasjonale prøver, mestringsnivåer, Begge kjønn, Offentlig skole, Lesing, 5. trinn

Skuleeigars eigenvurdering

Det er fleire elevar på nivå 1, og færre på nivå 2 og 3 enn nasjonalt. Det er viktig å auke lesekompetansen til alle elevane mot nasjonalt snitt. Rådmannen ser med uro på at i overkant 15% fleire elevar i Osterøy enn nasjonalt ligg på lågaste meistringsnivå. Vi veit at lesing er grunnlaget for korleis elevane handterer dei andre faga på skulen. Det er vidareført ei satsing og kompetanseheving for tilsette for å heve lesekompetansen for elevane i skulen. Systemet IMAL er gjennomført for alle elevar på 1. trinn. Dette er ein systematisk innlæringsmetode av bokstavar. Andre delar av kommunen sine tenester gjer vurderingar på korleis tenestene kan støtte i språk og leseutvikling for elevane. Vi må i tillegg engasjere foreldra i større grad enn vi har klart tidlegare.

Skulane gjennomfører kartleggingar på lesing på elevar frå 1. -4 trinn. Elevar som har behov for det må få hjelp tidleg.

3.3. Engelsk


[Les meir om statistikken på udir.no \(lenke\)](#)

Lokale mål

Elevane skal ha eit resultat tett mot nasjonalt snitt på 50 skalapoeng. Det skal ikkje vere fleire enn 23% av elevane på nivå 1.

Osterøy kommune (EIGAR) | Skalapoeng 5. trinn - engelsk | Eigne tal


Fra 2022 starter måling av utvikling over tid på nytt. Resultatene fra 2022-23 kan derfor ikke direkte sammenlignes med tidligere år.



Osterøy kommune (EIER), Grunnskole, Nasjonale prøver, skalapoeng, Begge kjønn, Offentlig skole, Engelsk, 5. trinn

Osterøy kommune (EIGAR) | Meistringsnivå 5. trinn - engelsk | Eigne tal

Fra 2022 starter måling av utvikling over tid på nytt. Resultatene fra 2022-23 kan derfor ikke direkte sammenlignes med tidligere år.



Osterøy kommune (EIER), Grunnskole, Nasjonale prøver, meistringsnivåer, Begge kjønn, Offentlig skole, Engelsk, 5. trinn

Skuleeigars eigenvurdering

Det er best resultat i engelsk for 5. trinn for dei 3 prøvane som vert gjennomført. Det er likevel for mange elevar på nivå 1 og for stor variasjon frå år til år. Gjennom systematisk kvalitetsvurdering og målretta tiltak skal ulikheter i resultatata utliknast. Vi veit frå andre kommunar at det tek år før ein ser resultatet av målretta arbeid.



ungdomsskule. Foto: Hjørdis Østerbø

4. Nasjonale prøvar ungdomstrinn

⚡ Frå 2022 startar måling av utvikling over tid på nytt. Resultata fra 2022-23 kan derfor ikke direkte sammenlignes med tidligere år.

Nasjonale prøvar 5. trinn

Osterøy kommune	2015-2016	2016-2017	2017-2018	2018-2019	2019-2020	2020-2021	2021-2022	2022 - 2023
Engelsk	47	49	47	47	47	46	48	47
Lesing	45	47	46	45	47	46	46	46
Regning	49	49	47	47	47	49	45	46

Tab 1: Resultat 5. trinn med utvikling.

Nasjonalt snitt er 50 poeng. Eit års utvikling er på 4 poeng.

Nasjonale prøver 8. trinn

Osterøy kommune 8. trinn	2015-2016	2016-2017	2017-2018	2018-2019	2019-2020	2020-2021	2021-2022	2022-2023
Engelsk	46	47	49	48 (+1)	47(-2)	48 (+1)	46 -1	47
Lesing	47	47	50	47 (+2)	47 (0)	48 (+1)	46+1	48 +1
Regning	46	47	50	47 (-2)	48 (-1)	46 (-3)	45-2	48 +1

Tab 5: Resultat 8. trinn med utvikling.

Nasjonalt snitt er 50 poeng. Eit års utvikling er på 4 poeng.

Nasjonale prøver 9. trinn

Indikator og nøkkeltal	2015-2016	2016-2017	2017-2018	2018-2019	2019-2020	2020-2021	2021-2022	2022-2023
Lesing	53	49(+2)	49 (+2)	53 (+3)	52 (+5)	51 (+4)	52	51 +1
Rekning	50	49 (+3)	50 (+3)	53 (+3)	51 (+4)	52 (+4)	52	49 0

Generelt om utvikling:

Dersom elevgruppa har same resultat i 8. trinn som i 5. trinn har dei hatt same læringsprogresjon som snittet nasjonalt. Det er difor viktig å sjå resultat på 8. trinn opp mot resultatet elevgruppa hadde på 5. trinn. I tabellen over er elevgruppe vist med same farge. Dermed kan vi sjå resultat for elevgruppe i 5., 8. og 9. trinn. Nasjonalt snitt i 8. trinn er 50 poeng og for 9. trinn 54 poeng. Eit års utvikling er på 4 poeng. Fordeling på lågaste meistringsnivå nasjonalt er på 8. trinn er ca. 9% av elevane på meistringsnivå 1 og 18% på

meistringsnivå 2 medan på 9. trinn er ca. 6% på meistringsnivå 1 og 13% på meistringsnivå 2.

4.1. Rekning


[Les meir om statistikken på udir.no \(lenke\)](#)

Lokale mål

Elevane skal ha same resultat eller betre i forhold til resultatet i 5. trinn. Ein bør ha tilnærma same tal elevar på meistringsnivå 1 og 2 som det er nasjonalt.

Osterøy kommune (EIGAR) | Skalapoeng 8. trinn - Rekning | Eigne tal


Fra 2022 starter måling av utvikling over tid på nytt. Resultatene fra 2022-23 kan derfor ikke direkte sammenlignes med tidligere år.



Osterøy kommune (EIER), Grunnskole, Nasjonale prøver, skalapoeng, Begge kjønn, Offentlig skole, Regning, 8. trinn

Osterøy kommune (EIGAR) | Skalapoeng 9. trinn - Rekning | Eigne tal


Fra 2022 starter måling av utvikling over tid på nytt. Resultatene fra 2022-23 kan derfor ikke direkte sammenlignes med tidligere år.



Osterøy kommune (EIER), Grunnskole, Nasjonale prøver, skalapoeng, Begge kjønn, Offentlig skole, Regning, 9. trinn

Osterøy kommune (EIGAR) | Meistringsnivå 8. trinn - Rekning | Eigne tal


Fra 2022 starter måling av utvikling over tid på nytt. Resultatene fra 2022-23 kan derfor ikke direkte sammenlignes med tidligere år.



Osterøy kommune (EIER), Grunnskole, Nasjonale prøver, mestringsnivåer, Begge kjønn, Offentlig skole, Regning, 8. trinn

Osterøy kommune (EIGAR) | Meistringsnivå 9. trinn - Rekning | Eigne tal

Fra 2022 starter måling av utvikling over tid på nytt. Resultatene fra 2022-23 kan derfor ikke direkte sammenlignes med tidligere år.



Osterøy kommune (EIER), Grunnskole, Nasjonale prøver, meistringsnivåer, Begge kjønn, Offentlig skole, Regning, 9. trinn

Skuleeigars eigenvurdering

Elevane har siste år hatt same utvikling som resten av elevane i Noreg i rekning. Resultatet på 8. trinn viser at ein har arbeidd målretta og godt frå 5. trinn. Frå 8. til 9. trinn har elevane utvikling som forventa ut frå nasjonal progresjon. Det er for mange elevar på meistringsnivå 1 og 2 både på 8. og 9. trinn.

4.2. Lesing


[Les meir om statistikken på udir.no \(lenke\)](#)

Lokale mål

Elevane skal ha same resultat eller betre i forhold til resultatet i 5. trinn. Ein bør ha tilnærma same tal elevar på meistringsnivå 1 og 2 som nasjonalt snitt.

Osterøy kommune (EIGAR) | Skalapoeng 8. trinn - lesing | Eigne tal


Fra 2022 starter måling av utvikling over tid på nytt. Resultatene fra 2022-23 kan derfor ikke direkte sammenlignes med tidligere år.



Osterøy kommune (EIER), Grunnskole, Nasjonale prøver, skalapoeng, Begge kjønn, Offentlig skole, Lesing, 8. trinn

Osterøy kommune (EIGAR) | Skalapoeng 9. trinn - lesing | Eigne tal


Fra 2022 starter måling av utvikling over tid på nytt. Resultatene fra 2022-23 kan derfor ikke direkte sammenlignes med tidligere år.



Osterøy kommune (EIER), Grunnskole, Nasjonale prøver, skalapoeng, Begge kjønn, Offentlig skole, Lesing, 9. trinn

Osterøy kommune (EIGAR) | Meistringsnivå 8. trinn - lesing | Eigne tal


Fra 2022 starter måling av utvikling over tid på nytt. Resultatene fra 2022-23 kan derfor ikke direkte sammenlignes med tidligere år.



Osterøy kommune (EIER), Grunnskole, Nasjonale prøver, mestringsnivåer, Begge kjønn, Offentlig skole, Lesing, 8. trinn

Osterøy kommune (EIGAR) | Meistringsnivå 9. trinn - lesing | Eigne tal

Fra 2022 starter måling av utvikling over tid på nytt. Resultatene fra 2022-23 kan derfor ikke direkte sammenlignes med tidligere år.



Osterøy kommune (EIER), Grunnskole, Nasjonale prøver, mestringsnivåer, Begge kjønn, Offentlig skole, Lesing, 9. trinn

Skuleeigars eigenvurdering

I lesing for 8. og 9. trinn har elevane hatt marginal meirutvikling sett mot resten av elevane i Noreg. Det er positivt at elevane har denne trenden minst dei siste 3 åra. Det er gledeleg at profilen elevane på meistringsnivå 1 og 2 har, liknar meir på nasjonale tal, sjølv om det framleis er nokre fleire elevar på lågaste meistringsnivå enn vi ønskjer.

4.3. Engelsk


[Les meir om statistikken på udir.no \(lenke\)](#)

Lokale mål

Elevane skal ha same resultat eller betre i forhold til resultatet i 5. trinn. Ein bør ha tilnærma same tal elevar på meistringsnivå 1 og 2 som nasjonalt snitt.

Osterøy kommune (EIGAR) | Skalapoeng 8. trinn - engelsk | Eigne tal


Fra 2022 starter måling av utvikling over tid på nytt. Resultatene fra 2022-23 kan derfor ikke direkte sammenlignes med tidligere år.



Osterøy kommune (EIER), Grunnskole, Nasjonale prøver, skalapoeng, Begge kjønn, Offentlig skole, Engelsk, 8. trinn

Osterøy kommune (EIGAR) | Meistringsnivå 8. trinn - engelsk | Eigne tal

Fra 2022 starter måling av utvikling over tid på nytt. Resultatene fra 2022-23 kan derfor ikke direkte sammenlignes med tidligere år.



Osterøy kommune (EIER), Grunnskole, Nasjonale prøver, mestringsnivåer, Begge kjønn, Offentlig skole, Engelsk, 8. trinn

Skuleeigars eigenvurdering

I Engelsk ser vi at elevane har same resultat som dei hadde i 5. trinn. Det vil sei at dei føl same progressjon som resten av landet, noko som er bra. Vi ser også ein betring i resultatet i forhold til i fjor. Barneskulane må halde fram med systematisk arbeid for å løfte elevane både fagleg og sosialt.



Potetavling frå prosjekt på Fotlandsvåg skule. Foto: Kjell Haugland

5. Karakterar og grunnskulepoeng


5.1. Norsk

[Les meir om statistikken på udir.no \(lenke\)](#)

Lokale mål

Resultatet i norsk skal vere på nasjonalt snitt og det er låg skilnad mellom standpunkt- og eksamenskarakter.

Osterøy kommune (EIGAR) | Norsk hovudmål standpunkt | Eigne tal



Osterøy kommune (EIER), Grunnskole, Norsk hovedmål standpunkt, Offentlig skole, Begge kjønn

Skuleeigars eigenvurdering

Det vart ikkje gjennomført eksamen i 2022 og vi kan difor ikkje samanlikne karakteren i standpunkt med eksamen. Resultatet i standpunkt ligg over nasjonalt snitt som er på 4,0. Det ser dermed ut at arbeidet på ungdomsskolen er godt og at elevane hentar inn noko av det vi ser dei heng etter dei første åra i skuleløpet.


5.2. Engelsk

[Les meir om statistikken på udir.no \(lenke\)](#)

Lokale mål

Resultatet i engelsk skal vere på nasjonalt snitt og det er låg skilnad mellom standpunkt- og eksamenskarakter.

Osterøy kommune (EIGAR) | Engelsk standpunkt | Eigne tal



Osterøy kommune (EIER), Grunnskole, Engelsk standpunkt, Offentlig skole, Begge kjønn

Skuleeigars eigenvurdering

Det vart ikkje gjennomført eksamen i 2022 og vi kan difor ikkje samanlikne karakteren i standpunkt med eksamen. Resultatet i standpunkt ligg høgt over nasjonalt snitt som er på 4,1.


5.3. Matematikk

[Les meir om statistikken på udir.no \(lenke\)](#)

Lokale mål

Resultatet i matematikk skal vere nært nasjonalt snitt og det er låg skilnad mellom standpunkt- og eksamenskarakter.

Osterøy kommune (EIGAR) | Matematikk standpunkt | Geografisk sammenligning



Osterøy kommune (EIER), Grunnskole, Matematikk standpunkt, Offentlig skole, Begge kjønn

Skuleeigars eigenvurdering

Det er ikkje gjennomført eksamen i matematikk og vi kan ikkje samanlikne standpunkt og eksamensresultat. Vi ser at resultatet i matematikk har gått ned siste åra. Skulen vurderer og analyserer kva som kan vere grunn til det.

5.4. Grunnskulepoeng

[Les meir om statistikken på udir.no \(lenke\)](#)


	2015-2016	2016-2017	2017-2018	2018-2019	2019-2020	2020-2021	2021-2022
Grunnskulepoeng, Nasjonalt	41,2	41,4	41,8	42,0	43,2	43,3	43,4
Grunnskulepoeng, gjennomsnitt Osterøy	42,4	40,9	41,9	42,7	46,8	45,5	46,3

Lokale mål

Osterøy kommune skal ha snitt for grunnskulepoeng som landet eller betre. Det skal vere liten skilnad mellom standpunkt og eksamensvurdering.

Osterøy kommune (EIGAR) | Grunnskulepoeng | Eigne tal

For skoleårene 2019-20, 2020-21 og 2021-22 er grunnskulepoengene kun basert på standpunktkarakterer, som følge av at alle eksamenar for elever i grunnskolen ble avlyst. NB: Y-aksen starter ikke på null.



Osterøy kommune (EIER), Grunnskole, Grunnskulepoeng, Offentlig skole, Begge kjønn

Skuleeigars eigenvurdering

Elevane frå Osterøy har siste år gått ut frå skulen med gode resultat på grunnskulepoeng. Grunnskulepoeng er summen av karakterar som elevane søker til vidaregåande skule med og dermed grunnlaget for vidare skulegang. Det viser at elevane frå Osterøy lukkast i fagleg og sosial læring etter 5. trinn. Det er viktig å halde snittet på grunnskulepoeng oppe, då vi veit det har stor samanheng med gjennomføringsgrad i vidaregåande opplæring.

6. Skulebidrag

Skulebidragsindikatorane på 1.-4. trinn og 5.-7. trinn seier noko om skulen sitt bidrag til elevane si grunnleggande dugleik i engelsk, lesing og rekning.

På same måte er skulebidragsindikatorane på 8.-10. trinn eit mål på skulen sitt bidrag til elevane si læring i eksamensfaget eleven kjem opp i.

Utover dette, seier ikkje indikatorane noko om skulane sitt bidrag til elevane si læring i andre fag. Den seier heller ikkje noko om skulens evne til å ivareta andre deler av skulen sitt oppdrag.


Bidraget vert rekna på bakgrunn av to samanslåtte årgangar. Med årgangen 2017+18 meiner ein kulla som gjekk i 4. trinn skuleåra 2016-17 og 2017-18. For å kunne publisere skulebidragsindikatorar årleg inngår den enkelte årgang i to samanslåtte årgangar, eit såkalla glidande snitt.

[Les meir om statistikken på udir.no \(lenke\)](#)

Lokale mål


Elevane skal ha positivt skulebidrag i heile opplæringsløpet.

Osterøy kommune (EIGAR) | Skulebidrag 1.-4. trinn | Eigne tal




Osterøy kommune (EIER), Grunnskole, Skulebidrag, Offentlig skole, 1.-4. trinn

Osterøy kommune (EIGAR) | Skulebidrag 5.-7. trinn | Eigne tal



Osterøy kommune (EIER), Grunnskole, Skolebidrag, Offentlig skole, 5.-7. trinn

Osterøy kommune (EIGAR) | Skulebidrag 8.-10. trinn | Eigne tal



Osterøy kommune (EIER), Grunnskole, Skulebidrag, Offentlig skole, 8.-10. trinn

Skuleeigars eigenvurdering

På 1.-4 trinn ser vi ei negativ utvikling. Det må arbeidast systematisk med først og fremst lesing for å snu utviklinga. Dette stadfester det bilete vi ser at det er tidleg i opplæringsløpet vi må stykje systematikk i opplæringa.

Frå 5.-7 trinn ser vi at skulebidraget går i positiv retning siste åra med ein marginal tilbakegang siste år.

Sidan det ikkje har vore gjennomført eksamen siste år på ungdomstrinn er det ikkje resultat siste 3 åra.

Skulebidrag er den indikatorane som er basert på data som er eldst. Det er ein fare for at endringar som er gjort ikkje har fått verke og dermed er det gamal praksis som vert vurdert. Indikatoren gjev likevel viktig informasjon for å sjå utvikling tilbake i tid.



Foto: Toby Sander Tomassen

7. Fravær og gjennomføring

7.1. Fråvær

[Les meir om statistikken på udir.no \(lenke\)](#)

Lokale mål

Elevane på Osterøy skal ha frávær på nasjonalt snitt.

Osterøy kommune (EIGAR) | Frávær 10. trinn | Eigne tal

Skoleår	Median dagar frávær	Median timer frávær
2021-22	0,0	2,0
2020-21	4,0	3,0
2019-20	2,5	1,0
2018-19	4,5	1,0
2017-18	4,0	2,0
2016-17	4,5	2,0
2015-16	4,0	2,0

Osterøy kommune (EIGAR), Grunnskole, Frávær, 10.trinn, Begge kjønn

Osterøy kommune (EIGAR) | Frávær 10. trinn | Geografisk sammenligning

Skoleår	Osterøy kommune (EIGAR) - Median dagar frávær	Osterøy kommune (EIGAR) - Median timer frávær	Vestland - Median dagar frávær	Vestland - Median timar frávær	Nasjonalt - Median dagar frávær	Nasjonalt - Median timar frávær
2021-22	0,0	2,0	-	-	2,0	3,0
2020-21	4,0	3,0	-	-	1,0	2,0
2019-20	2,5	1,0	-	-	4,0	3,0
2018-19	4,5	1,0	-	-	6,0	5,0
2017-18	4,0	2,0	-	-	6,0	5,0
2016-17	4,5	2,0	-	-	6,0	4,0
2015-16	4,0	2,0	-	-	6,0	4,0

Osterøy kommune (EIGAR), Grunnskole, Frávær, 10.trinn, Begge kjønn

Skuleeigars eigenvurdering

Frávær er ein indikator på trivsel og læring i skulane. Vi ser at det siste år er registrert lite frávær. Vi veit vidare at det er nasjonal uro for frávær som aukar og det er viktig at skulane handterer frávær tidleg i samarbeid med føresette. Frávær som får festa seg kan føre til store kostnadar for eleven, familien og samfunnet om dette vedvarar.

7.2. Overgangar

[Les meir om statistikken på udir.no \(lenke\)](#)

Lokale mål

Alle elevar tek til i vidaregåande skule og lukkast med gjennomføring av opplæringa der.

Osterøy kommune (EIGAR) | Overganger fra grunnskole til VGO | Eigne tal

År	Del overgangar
2022	98,8
2021	98,7
2020	97,4
2019	98,7
2018	100,0

Osterøy kommune (EIGAR), Grunnskole, Overganger, Begge kjønn

Skuleeigars eigenvurdering

Det er eit mål at så mange elevar som mogeleg tek til i vidaregåande skule og lukkast med gjennomføringa. Dei som har gjennomført og bestått vidaregåande skule har eit godt grunnlag for å klare seg i livet og få eit godt liv.

I samråd med Vestland fylkeskommune har vi fått tilgjengeleg data for Osterøy ungdomsskule for 2022, der 86,3% av elevane fullførte og bestod VG1. Fylket har ei målsetting at 90% skal fullføre og bestå innanfor normert studietid.